



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for areal, plan og miljø
Møtedato:	13.11.2024
Møtetid:	09:00 - -13:30
Møtestad:	Frekhaug, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ståle Juvik Hauge	leiar	AP	
Olav Steinar Namtvedt	nestleiar	SP	
Liv Hopland Van der Kooij	medlem	SP	
Henning Fyllingsnes	medlem	H	
Olav Myhr	medlem	KRF	
Tore Helland	medlem	FRP	
Yngve Walaker	medlem	FRP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Nina Stabell Øvreås	MEDL	FRP
Kenneth Taule Murberg	MEDL	UAVH
Wilfred Berthelsen	MEDL	INP
Leif Johnsen	MEDL	MDG

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Kjetil Hansen Melvær	varamedlem	FRP	

Leif Taule	varamedlem	SP
Irene Stendal Østerbø	varamedlem	INP
Eldbjørg Bakke	varamedlem	R

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide	Møtesekretær
Siril Therese Sylta	Tenesteleiar
Eirik Berntsen	Avdelingsleiar
Are Frøysland Grande	Avdelingsleiar
Lene Helgesen	Rådgjevar
Kristin Nåmdal	Tenesteleiar
Jarle Landås	Kommunalsjef

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide
Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 113/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 114/24	Godkjenning av møteprotokoll APM 16.10.24	
PS 115/24	Delegerte saker til APM 13.11.24	
PS 116/24	Melding / orienteringar til utval for APM	
RS 30/24	Orientering om kommunal målsetting for Hjortevilt - orientering i møte	
RS 31/24	Orientering om org.prosjektet - orientering i møte	
PS 117/24	Klage på avslag på søknad om frådeling av våningshus med 2,4 daa tomt etter jordlova – gbnr 423/11 Marøy	
PS 118/24	Avklaring av planinitiativ - Detaljregulering for Søndre Neset	
PS 119/24	3 gongs handsaming - Områdereguleringsplan for Langelandskogen. PlanID 125620170004	
PS 120/24	Søknad om løyve til oppføring av vindmølle - Gbnr 433/176 - Radøyvegen 2081	
PS 121/24	Klage på løyve til utvida bruk av avkøyrsløse for tomannsbustad - gbnr 145/60 Fosse indre	
PS 122/24	Klage på avslag på søknad om dispensasjon for utlegging av flytebryggje i tilknytning til eksisterande kai og naust– gbnr 141/38 Kvamsvågen 24	
PS 123/24	Klage på vedtak om dispensasjon for oppføring av naust med kaifront og flytebryggje - gbnr 1/189 Flatøy	
PS 124/24	Klage på avslag på søknad om endring av konsesjonsvilkår - gbnr 219/1 Vike	
PS 125/24	Klage på løyve til etablering av ladeanlegg på kai – gbnr 188/20	

PS 113/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Endring i sakliste:

RS 30/24 vert utsett

PS 113-115/24, PS 117/24, PS 118/24, PS 120/24, PS 121/24, PS 119/24, PS 122/24, PS 116/24, RS 31/24, PS 124/24, PS 123/24, PS 125/24.

Innkalling og sakliste vert samrøystes vedteke med dei endringar.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Innkalling og sakliste er godkjent med dei endringar.

PS 114/24 Godkjenning av møteprotokoll APM 16.10.24

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Ingen merknad. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Møteprotokollen er godkjent.

PS 115/24 Delegerte saker til APM 13.11.24

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

APM ber administrasjonen få fortgang / greie ut om innsyn i dei delegerte vedtaka, slik at utvalet får tilgang til desse typer saker.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøytes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Melding om delegerte vedtak er teke til vitande.

PS 116/24 Melding / orienteringar til utval for APM

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

RS 30/24 er utsett.

Orienteringa RS 31/24 er teke til vitande. Samrøystes.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Melding / orienteringar til utval for areal, plan og miljø er teke til vitande.

RS 30/24 Orientering om kommunal målsetting for Hjortevilt -
orientering i møte

RS 31/24 Orientering om org.prosjektet - orientering i møte

PS 117/24 Klage på avslag på søknad om fradeling av våningshus med 2,4 daa tomt etter jordlova – gbnr 423/11 Marøy

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Utvalet var på synfaring tysdag 12.11.24

Felles framlegg til vedtak:

Klagen frå tiltakshavar i sak 2024/6962, datert 03.07.2024, vert teke til følgje.

På bakgrunn av jordlova § 12 godkjenner Alver kommune søknad på fradeling av våningshus med 2,4 daa tomt på gnr. 423, bnr. 11.

Grunngjeving:

Våningshuset som ønskes fradelt fra det øvrige bruket er plassert i enden av felles gårdsvei. Det gjør at gårdstrafikk med gårdsmaskiner o.l. ikke vil passere gjennom tunet til dagens våningshus (som skal skilles ifra hovedbruket).

Videre er driftsbygningen liten og dersom det skal opprettes normal gårdsdrift må det mest sannsynlig bygges ny driftsbygning. Det vil i så fall være hensiktsmessig å plassere det lengre vekk fra det fradelte våningshuset.

Dagens våningshus med fradelt eigedom vert bustadeigedom.

Gbnr 423/83 er bustadeigedom med bustadhus. Denne eigedomen skal først saman med dagens landbrukseigedom og hovudbruk – gbnr 423/11.

Arealet, som skal byttast, er om lag lik i storleik. I praksis er dette eit makebyte (byte av areal mot eit anna areal).

Formålet med tiltaket er at nåværende eigarar kan halde fram med å bu i våningshuset, medan eit av borna tek over hovudbruket. Vedkomande som skal ta over bnr. 11, bur i dag på tomt som i si tid vart delt frå nabobruket. Over ei avgrensa lengde grensar denne tomten inn til gnr. 423, bnr. 11 ved innkøyinga til bnr. 11.

APM legg til grunn at denne tomten skal først saman med hovudbruket.

Det dyrka arealet på den omsøkte tomten som skal fradelast er av slett kvalitet og har ikkje pårekneleg verdi som jordbruksareal i framtida, jfr jordlova §12, 2.ledd

Delinga, eller makebyte, som det er lagt opp til, legg til rette for vidare drift av bruket. Etter Alver kommune sitt syn vil det føra til ei driftsmessig god løysing.

Med det driftsopplegg som er pårekneleg for ein landbrukseigedom av denne storleik vil

delinga såleis ikkje medføra drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det vil tverrt om vera ei føremon at jordbruksarealet på bruket vert nytta betre enn det er i dag, jfr jordlovens § 12, 3.ledd.

Delinga vil vidare ivareta busetjinga i området, noko som er i tråd med måla i Samfunnsplanen for Alver kommune, jfr jordlova § 12 , 4.ledd

Etter ei samla vurdering vil Utval for areal, plan og miljø såleis meina at denne delinga(makebyte) vil føra til betre vern av ressursane i området, vera ei driftsmessig god løysing og ikkje medføra påreknelege drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i område.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Klagen frå tiltakshavar i sak 2024/6962, datert 03.07.2024, vert teke til følgje.

På bakgrunn av jordlova § 12 godkjenner Alver kommune søknad på fradeling av våningshus med 2,4 daa tomt på gnr. 423, bnr. 11.

Grunngjeving:

Våningshuset som ønskes fradelt fra det øvrige bruket er plassert i enden av felles gårdsvei. Det gjør at gårdstrafikk med gårdsmaskiner o.l. ikke vil passere gjennom tunet til dagens våningshus (som skal skilles ifra hovedbruket).

Videre er driftsbygningen liten og dersom det skal opprettes normal gårdsdrift må det mest sannsynlig bygges ny driftsbygning. Det vil i så fall være hensiktsmessig å plassere det lengre vekk fra det fradelte våningshuset.

Dagens våningshus med fradelt eigedom vert bustadeigedom.

Gbnr 423/83 er bustadeigedom med bustadhus. Denne eigedomen skal førast saman med dagens landbrukseigedom og hovudbruk – gbnr 423/11.

Arealet, som skal byttast, er om lag lik i storleik. I praksis er dette eit makebyte (bytte av areal mot eit anna areal).

Formålet med tiltaket er at nåværende eigarar kan halde fram med å bu i våningshuset, medan eit av borna tek over hovudbruket. Vedkomande som skal ta over bnr. 11, bur i dag på tomt som i si tid vart delt frå nabobruket. Over ei avgrensa lengde grensar denne tomta inn til gnr. 423, bnr. 11 ved innkøyringa til bnr. 11.

APM legg til grunn at denne tomta skal førast saman med hovudbruket.

Det dyrka arealet på den omsøkte tomte som skal fradelast er av slett kvalitet og har ikkje pårekneleg verdi som jordbruksareal i framtida, jfr jordlova §12, 2.ledd

Delinga, eller makebyte, som det er lagt opp til, legg til rette for vidare drift av bruket. Etter Alver kommune sitt syn vil det føra til ei driftsmessig god løysing.

Med det driftsopplegg som er pårekneleg for ein landbrukseigedom av denne storleik vil delinga såleis ikkje medføra drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det vil tverrt om vera ei føremon at jordbruksarealet på bruket vert nytta betre enn det er i dag, jfr jordlovens § 12, 3.ledd.

Delinga vil vidare ivareta busetjinga i området, noko som er i tråd med måla i Samfunnsplanen for Alver kommune, jfr jordlova § 12 , 4.ledd

Etter ei samla vurdering vil Utval for areal, plan og miljø såleis meina at denne delinga(makebyte) vil føra til betre vern av ressursane i området, vera ei driftsmessig god løysing og ikkje medføra påreknelege drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i område.

PS 118/24 Avklaring av planinitiativ - Detaljregulering for Søndre Neset

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Utvalet var på synfaring tysdag 12.11.24

Felles forslag til vedtak:

Utval for areal, plan og miljø vedtek at det kan varslast oppstart av planarbeid for detaljreguleringsplan for Søndre Neset.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Utval for areal, plan og miljø vedtek at det kan varslast oppstart av planarbeid for detaljreguleringsplan for Søndre Neset.

PS 119/24 3 gongs handsaming - Områdereguleringsplan for Langelandskogen. PlanID 125620170004

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Utsetjingsforslag frå Irene S. Østerbø-INP:

Ber om at saken blir utsatt og ber administrasjonen greie ut varselskriv som er framsendt i saka.

Framlegget fall med 5 røyster for og 6 røyster mot. (Ståle Hauge-AP, Henning Fyllingsnes-H, Tore Helland-FRP, Yngve Walaker-FRP, Kjetil Melvær-FRP, Olav Myhr-KRF)

Framlegg frå Ståle Hauge-AP, Henning Fyllingsnes-H, Tore Helland-FRP, Kjetil Melvær-FRP, Yngve Walaker-FRP, Olav Myhr-KRF, Liv Hopland Van der Koij-SP, Leif Taule-SP, Olav Steinar Namtvedt-SP:

Tilleggspunkt til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Det føresetjast at:

Det skal etablerast juridisk binande avtale mellom Alver kommune og eigar av areal regulert til formål offentleg/privat tenesteyting, der eigar ikkje skal krevje innløyising av arealet dei første 10 åra etter plan er vedtatt.

Alver kommune skal ikkje delta i utgiftsdeling av kostnader knytt til gjennomføringa av plan som for eksempel infrastruktur eller andre utgifter. Det skal skje først ved kjøp av arealet

Det skal ligge føre signert avtale som skal godkjennast av kommunestyre før plan vert vedteken av kommunestyret.

Framlegg med tilleggspunt til kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 9 røyster for og 2 røyster mot. (Irene Østerbø-INP, Eldbjørg Bakke-R)

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 9 røyster for og 2 røyster mot. (Irene Østerbø-INP, Eldbjørg Bakke-R)

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Langelandskogen, PlanID 125620170004, som vist på plankart sist datert 8.5.2023 og med føresegrer av revisjonsdato

11.5.2023. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.

Det føresetjast at:

Det skal etablerast juridisk binande avtale mellom Alver kommune og eigar av areal regulert til formål offentleg/privat tenesteyting, der eigar ikkje skal krevje innløyasing av arealet dei første 10 åra etter plan er vedtatt.

Alver kommune skal ikkje delta i utgiftsdeling av kostnader knytt til gjennomføringa av plan som for eksempel infrastruktur eller andre utgifter. Det skal skje først ved kjøp av arealet

Det skal ligge føre signert avtale som skal godkjennast av kommunestyre før plan vert vedteken av kommunestyret.

PS 120/24 Søknad om løyve til oppføring av vindmølle - Gbnr 433/176 - Radøyvegen 2081

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

APM sitt forslag til vedtak blei vedteke med 8 røyster for og 3 røyster i mot. (Irene S.Østerbø-INP, Kjetil Melvær-FRP, Tore Helland-FRP)

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Utval for areal, plan og miljø gjev dispensasjon frå pbl. § 29-4, og løyve i et-trinn til etablering

av gardsvindmølle

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 og § 20-1 bokstav a.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Saka vert sendt Statsforvaltaren i Vestland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering.

PS 121/24 Klage på løyve til utvida bruk av avkøyrsløse for tomannsbustad - gbnr 145/60 Fosse indre

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Felles forslag til framlegg:

Klagen i frå Vestland Fylkeskommune i sak 2024/630, datert 28.06.2024, vert ikkje teke til følgje

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.06.2024 vert oppretthalden.
Vestland Fylkes kommune sine merknader endrer ikkje utvalet sitt syn på saka.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Klagen i frå Vestland Fylkeskommune i sak 2024/630, datert 28.06.2024, vert ikkje teke til følgje

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 05.06.2024 vert oppretthalden.
Vestland Fylkes kommune sine merknader endrer ikkje utvalet sitt syn på saka.

PS 122/24 Klage på avslag på søknad om dispensasjon for utlegging av flytebyggje i tilknytning til eksisterande kai og naust– gbnr 141/38 Kvamsvågen 24

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Utvalet var på synfaring tysdag 12.11.24

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Klagen ifrå tiltakshavar i sak 2024/5812, datert 24.09.2024, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket av 05.09.2024 vert oppretthalden og lyder:

«Alver kommune avslår søknad om dispensasjon frå plankravet kytt til småbåtanlegg innan BAB gjeve i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen pkt. 2.2 og frå plan-og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving går fram av vurderinga i denne saka.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

PS 123/24 Klage på vedtak om dispensasjon for oppføring av naust med kaifront og flytebryggje - gbnr 1/189 Flatøy

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Felles framlegg til vedtak:

Klagen ifrå Statsforvaltaren i Vestland i sak 2023/10030, datert 09.10.2024, vert ikkje tatt til følgje og vedtaket av 04.09.2024 vert oppretthalden.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Klagen ifrå Statsforvaltaren i Vestland i sak 2023/10030, datert 09.10.2024, vert ikkje tatt til følgje og vedtaket av 04.09.2024 vert oppretthalden.

PS 124/24 Klage på avslag på søknad om endring av konsesjonsvilkår - gbnr 219/1 Vike

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Framlegg frå Henning Fyllingsnes-H, Yngve Walaker-FRP, Olav Myhr-KRF, Tore Helland-FRP, Kjetil Melvær-FRP:

Klagene ifrå Vike Grendalag, datert 27.06.2024, og klage frå konsesjonshavar, Søren Helligsøe, datert 04.07.2024 i sak 2024/837, vert teke til følgje.

Med heimel i konsesjonslova § 11, jf. § 9 blir det gjeve lemping av konsesjonsvilkår.

Størrelsen på dyrka mark er begrenset til ca. 200 m² og utmaken består av skog som store deler trolig ikke er lønnsom å ta ut.

Det er av ingen betydning for forgrunnlaget for husdyrholdet til br. 2 å få overta dette området.

Bruk nr. 1 får et styrket næringsgrunnlag med flere muligheter if. jakt, utmark og friluft som videre kan skape nye arbeidsplasser i distriktet. Sjølinjen er også viktig ifm. styrking av næringsgrunnlaget f.eks. kano og småbåttutleie.

Lemping av konsesjonsvilkåret vil være i tråd med samfunnsplanen.

Det blir satt vilkår om at eiendommen blir overført som omsøkt.

APM vurderer at fordelene med lemping av konsesjonsvilkårene er større enn ulempene.

Forslaget falt med 5 røyster for og 6 røyster mot (Ståle Hauge-AP, Olav Steinar Namtvedt-SP, Leif Taule-SP, Liv H. Van der Koij-SP, Irene S. Østerbø-INP, Eldbjørg Bakke-R)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 6 røyster for og 5 røyster mot. (Henning Fyllingsnes-H, Yngve Walaker-FRP, Tore Helland-FRP, Kjetil Melvær-FRP, Olav Myhr-KRF)

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Klagene ifrå Vike Grendalag, datert 27.06.2024, og klage frå konsesjonshavar, Søren Helligsøe, datert 04.07.2024 i sak 2024/837, vert ikkje teke til følge.

Det delegerte vedtaket av 12.06.2024 vert oppretthalden med den presisering at vedtaket frå Statsforvaltaren er datert, 01.03.2022 (ikkje 01.03.2023):

«Med heimel i konsesjonslova § 11, jf. § 9 vert det gjeve avslag på søknad om lemping av konsesjonsvilkår.

Vilkåra slik det går fram av vedtak datert 01.03.2022 er gjeldande:

«Det er eit vilkår for konsesjon at dei delane av eigedomen som er avsett til landbruk-natur-og friluftsføremål i arealdelen til kommuneplanen, vert selt til eigaren av gnr. 219, bnr. 2 som tilleggsjord til hans eigedom. Rettar i felles utmark samt andre landbrukstilknytte rettar og plikter som ligg til bnr. 1, skal følgje med i overdraginga, som skal skje på slike vilkår og til prisar som kan godtakast av konsesjonsstyresmaktene».»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. konsesjonslova § 11, jf. § 9.

PS 125/24 Klage på løyve til etablering av ladeanlegg på kai – gbnr 188/20

Handsaming i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 10 røyster for og 1 røyst mot.
Irene S. Østerbø-INP

Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 13.11.2024:

Klagen ifrå Kaikanten AS i sak 2024/1717, datert 04.09.2024, vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket av 04.06.2024 vert oppretthalden og lyder:

«Det vert gjeve dispensasjon frå kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen plankravet, byggegrense mot sjø og arealformål friluftsområde i sjø samt frå byggegrense til offentlig veg. Dispensasjonen er heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for etablering av bygg for trafo og nettstasjon samt ladestolpe på eigedom gbnr 188/20. Tiltaka er ledd i elektrifisering av hurtigbåtsambandet. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 23.11.2023 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Det må ligge føre førehandsuttale/vedtak etter hamne- og farvasslova før det vert søkt om igangsettingsløyve. Arbeid kan ikkje ta til før det ligg føre løyve til igangsetting.

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova §§ 19-2, 20-1 og 20-3.